

Kvartalsrapport

2. kvartal 2026



Sogn
SPAREBANK

Innhaldsliste

Hovudtal Sogn Sparebank	3
Nøkkeltal	4
Styret si melding	5
Resultat	5
Driftsinntekter	6
Driftskostnader	6
Nedskrivningar på utlån og garantiar	6
Avkastning på eigenkapitalbevisa	6
Balanse	7
Utlån	7
Innskot	7
Kapitaldekning	7
Dotterselskap og tilknytt selskap	8
Utsiktene framover	9
Stadfesting frå styret og dagleg leiar	11
Kvartalsrekneskap Q2 – 2026	12
Balanse	13
Eigendelar	13
Gjeld og eigenkapital	13
Eigenkapitaloppstilling	14
Kontantstraumoppstilling	15
Notar	16
Note 1 Generell informasjon	16
Note 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat	16
Note 3 Konsern og tilknytt selskap	17
Note 4 Transaksjonar med nærstående partar	19
Note 5 Misleghaldne kredittforringa engasjement i andre kvartal	19
Note 6 Utlån til og fordringar på kundar fordelt på sektor og næring	19
Note 7 Nedskrivning, tap, finansiell risiko	20
Note 8 Segment	23
Note 9 Verdipapir	23
Note 10 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring	24
Note 11 Gjeld ved utferda verdipapir	25
Note 12 Kapitaldekning	25
Note 13 Eigarandelsbrøk	27
Note 14 Eigenkapitalbevis - 20 største eigarar	28
Note 15 Hending etter balansedag	29

Hovudtal Sogn Sparebank

RESULTATSAMANDRAG	Kvartalsrekneskap			
	30.06.2026	i % av gj.sn. forv.kap.	30.06.2025	i % av gj.sn. forv.kap.
Netto renteinntekter	85 788	2,04 %	91 737	2,25 %
Netto andre driftsinntekter	16 751	0,40 %	13 810	0,34 %
Netto avkastning finansielle investeringer	25 896	0,62 %	25 786	0,63 %
Sum driftsinntekter	128 435	3,06 %	131 333	3,22 %
Sum driftskostnader	57 603	1,37 %	57 998	1,42 %
Resultat før tap	70 833	1,69 %	73 335	1,80 %
Tap på utlån	-1 974	-0,05 %	-254	-0,01 %
Skattekostnad	16 700	0,40 %	16 500	0,40 %
Ordinært resultat etter skatt	56 107	1,34 %	57 089	1,40 %
Totalresultat	45 158	1,08 %	62 623	1,54 %



Bilete frå Smaojordeplerock i Lærdal i juni, eit samarbeid mellom Jordeplerock og Sogn Sparebank.



Både store og små fekk is og bøttehattar for anledninga. God stemning!

Nøkkeltal

NØKKELTAL	30.06.2026	30.06.2025
Balansetal		
Brutto utlån	7 122 902	6 649 639
Eika Boligkreditt AS	914 200	933 147
Totale utlån med Eika Boligkreditt AS	8 037 102	7 582 786
Innskot frå kundar	6 599 078	6 381 563
Innskotsdekning	92,65 %	95,97 %
Forvaltningskapital	8 707 384	8 442 894
Lønsemd		
Kostnadsprosent eksklusiv verdipapir	56,18 %	54,95 %
Kostnadsprosent inklusiv verdipapir	44,85 %	44,16 %
Eigenkapitalavkastning (totalresultat)	6,89 %	10,56 %
Eigenkapitalavkastning (resultat etter skatt)	8,56 %	9,60 %
Soliditet		
Rein kjernekapitaldekning, morbank	29,59 %	28,60 %
Kjernekapitaldekning, morbank	29,59 %	28,60 %
Kapitaldekning, morbank	29,59 %	28,60 %
Rein kjernekapitaldekning konsolidert	27,26 %	26,43 %
Uvekta kjernekapitalandel konsolidert	12,41 %	13,00 %
Likviditet (morbank)		
LCR	238	233
NSFR	131	136
Eigenkapitalbevis (morbank)		
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr	22,00	20,00
Bokført pr EK bevis	249,30	243,88
Kurs på eigenkapitalbevis	306,00	288,00
Pris/bokført verdi	1,23	1,18
Resultat pr. eigenkapitalbevis	10,50	11,42
Tal kontor	7	7
Årsverk morbank	42,7	40,1

Styret si melding

Sogn Sparebank si økonomiske utvikling i andre kvartal 2026 er i tråd med banken sine forventningar.

Hovudinntekta til banken kjem frå rentenetto. Rekneskapen for andre kvartal 2026 er utarbeidd i samsvar med IFRS. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34.



Glade gåvemottakarar i Aurland.



Nokre av gåvemottakarane i Lærdal, under utdeling på Lærdalsmarknaden.

Resultat

Sogn Sparebank legg fram eit resultat før tap på 70,8 mill. kroner pr. Q2 2026. Resultat før tap er 2,5 mill. kroner lågare enn andre kvartal 2025.

Rekneskapen til Sogn Sparebank viser at resultatutviklinga frå 2025 held fram. Banken opplever at konkurransen på forsikring og banktenester er sterk, men me ser likevel vekst i banken si forvaltning. Det er tilbakeført 1,97 mill. kroner på tap utlån og garantiar hittil i 2026.

Resultat etter skatt gjev ein eigenkapitalavkastning¹ pr. 30.06.2026 på 8,56 %.

Totalresultatet er påverka av verdiendring på finansielle eigendelar, hovudsakleg frå Eika Boligkreditt AS og Eika Gruppen AS. Banken rapporterer eit totalresultat pr. 30.06.2026 på 45,2 mill. kroner etter skatt, ein nedgang med 17,5 mill. kroner pr. 30.06.2025.

¹ Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank» pr. 31.12.2025.

Eigenkapitalavkastning, resultat etter skatt

8,56 %

Resultat etter skatt

56,1

mill.kroner

Driftsinntekter

Netto renteinntekter er 85,8 mill. kroner, som utgjør 2,04 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK). Tilsvarende tal for andre kvartal 2025 var renteinntekter på 91,7 mill. kroner som var 2,25 % av GFK. Pr. 30.06.2026 var andre ordinære driftsinntekter 16,8 mill. kroner, som utgjør 0,40 % av GFK. Samla utgjør våre driftsinntekter 3,06 % av GFK mot 3,22 % i same periode fjor.

Driftskostnader

Pr. 30.06.2026 var driftskostnadene 57,6 mill. kroner, tilsvarende 1,37 % i høve til GFK, som er 0,05 prosentpoeng lågare enn i fjor. Kostnadsprosenten i prosent av totale inntekter, inklusiv verdipapir, er på 44,85 % mot 44,16 % i same periode fjor. Kostnadsprosenten eksklusiv verdipapir er 56,18 % mot 54,95 % i same periode i 2025.

Forvaltningskapital

8,7

mrd. kroner

Driftskostnader

57,6

mill. kroner

Nedskrivingar på utlån og garantiar

Banken har pr. andre kvartal tilbakeført nedskrivingar på utlån og garantiar på 1,97 mill. kroner som er ein forbetring på 1,7 mill. kroner frå i fjor. Det er auka misleghald i personmarknaden dette kvartalet der me har god sikring. Det er føreteke mindre justeringar på tidlegare tapsavsette engasjement.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Banken rapporterer eit resultat pr. 30.06.2026 etter berekna skatt på 56,1 mill. kroner, tilsvarende 1,34 % av GFK, mot 1,40 % i same periode i fjor. Dette er om lag som forventa. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Berekna resultat er på 10,50 kroner pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Eigenkapitalbevisa i Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 30.06.2026 var kroner 306,00 pr. eigenkapitalbevis.

Balanse

Utlån

Pr. 30.06.2026 har banken 7 122,9 mill. kroner i bruttoutlån som er ein auke på 473,3 mill. kroner siste 12 månader og som svarar til ein vekst på 7,12 % i eigen bank. Lån til personmarknaden utgjer 6 166,7 mill. kroner, og lån til bedriftsmarknaden utgjer 956,2 mill. kroner.

I tillegg yter banken 914,2 mill. kroner i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS, det er ein nedgang på 18,9 mill. kroner, tilsvarande ein nedgang på 2,03 % i høve til same tid i fjor.

Total utlånsvekst inklusive Eika Boligkreditt AS ligg på 5,99 % sett mot fjoråret.

Innskot

Pr. 30.06.2026 har banken 6 599,1 mill. kroner i innskot, som er ein auke på 217,5 mill. kroner siste 12 månader og som svarar til ein vekst på 3,41 %. Innskot frå personmarknaden utgjer 4 741,9 mill. kroner, og innskot frå bedriftsmarknaden utgjer 1 857,1 mill. kroner. Innskotsdekninga i banken pr. 30.06.2026 er 92,65 %. Pr. 30.06.2026 har banken ein forvaltningskapital på 8 707,4 mill. kroner, som er ein auke på 264,5 mill. kroner siste 12 månader og som svarar til ein vekst på 3,13 %.

Kapitaldekning

Pr. 30.06.2026 var banken si kapitaldekning 29,59 % mot 28,60 % i same periode i 2025. Sogn Sparebank har pr i dag berre rein kjernekapital. Banken si kapitaldekning ligg innanfor alle regulatoriske krav, og resultatet hittil i år er ikkje med i kapitaldekninga.

Etter forholdsmessig konsolidering av Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS er rein kjernekapitaldekning på 27,26 %, mot fjoråret på 26,43 %.

Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta eigarandeler i selskap som forholdsmessig konsoliderast inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken endra, i likskap med resten av bankane i Eika alliansen, jf. note 12.



Dotterselskap og tilknytt selskap

Dotterselskap

- Sogn Sparebank eig 100 % av Sogn Sparebank Eigedom AS, som eig lokala banken leiger i sentrum av Sogndal, jf. note 3.
- Sogn Sparebank eig 100 % av Sogn Forsikring AS. Selskapet selde tidlegare Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Denne verksemda er no vidareført i Sogn Sparebank, og selskapet er under avvikling, jf. note 3.

Utsiktene framover

Banken har i andre kvartal 2026 oppnådd gode resultat, og skal halde fram med å vere ein nær og synleg medspelar for kundane og lokalsamfunna i Sogn. Dette lukkast me med ved å stimulere til aktivitetar og verdiskaping, og vere ein god partner for privatkundar og verksemdar.

Gjennom Sogn Sparebank sitt gåvefond set me fokus på barn og unge, folkehelse og berekraft og gjev gåver til allmennyttige føremål. Samarbeid er nøkkelen til suksess, og me har alltid ei open dør for lag og organisasjonar, eldsjeler og gode innspel til korleis banken kan bidra til at Sogn vert ein endå betre plass å bu og vekse opp i.

Me gjer Sogn til ein endå betre plass å bu og vekse opp i.

God styring av risiko er eit prioritert område. Sogn Sparebank er godt kapitalisert og har ein god likviditet ved Q2-2026. På grunnlag av målbiletet for Sogn Sparebank, har styret lagt banken sin strategi. Banken vil halde fram med å styrka drifta, samstundes som me vil jobbe med å auke inntektene.

Noregs Bank har auka styringsrenta med 0,25 prosentpoeng i mai 2026, og har gitt uttrykk for at det er forventa ytterlegare oppgang i løpet av 2026. Det er stor usikkerheit om utviklinga av verdsøkonomien i året som kjem. Konfliktsituasjonen i verda kan påverke rentenivået også i Noreg.

Sogn Sparebank har ein solid kapitaldekning og god likviditet, og vil også framover vere en sutalaus medspelar for våre kundar. Fokus til banken er heile tida å ha god drift og lønnsemd, og jobba til det beste for kundane. Ved å tilby individuell rådgiving innan kreditt, sparing og plassering samt forsikring har banken som mål å finne gode og varige løysingar for kundane.

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

Årdalstangen den 14.08.2026

Atle Terum (s.)
Styreleiar

Sindre Wergeland (s.)
Nestleiar

Olav Vikøren (s.)

Marit Røyrvik Eldegard (s.)

Tone Kristin Myklebust Kvåle (s.)

Leif Andresen (s.)

Tilsettere representant

Mads Arnfinn Indrehus (s.)
Adm. banksjef

Stadfesting frå styret og dagleg leiar

Styret og dagleg leiar stadfester at halvårsrekneskapen for perioden 1. januar til 30. juni 2026, etter vår beste overtyding, er utarbeidd i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS), godkjent av EU, herunder IAS 34 om delårsrapportering.

Styret og dagleg leiar stadfester også at opplysningane i halvårsberetningen gir eit rettvisande bilete av banken sine eigedelar, gjeld, finansielle stillingar og resultat som heilskap og gir ei rettvisande oversikt over opplysningane nemnde i verdipapirhandelslova § 5-6.

Årdalstangen den 14.08.2026

Atle Terum (s.)
Styreleiar

Sindre Wergeland (s.)
Nestleiar

Olav Vikøren (s.)

Marit Røyrvik Eldegard (s.)

Tone Kristin Myklebust Kvåle (s.)

Leif Andresen (s.)

Tilsettere representant

Mads Arnfinn Indrehus (s.)
Adm. banksjef

Kvartalsrekneskap Q2 – 2026

Resultat		Året				
Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Note	Q2 2026	Q2 2025	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Renteinntekter - amortisert kost		99 688	102 541	195 910	207 265	412 598
Renteinntekter - verkeleg verdi		796	582	1 592	1 127	3 361
Rentekostnader		58 638	58 516	111 714	116 655	228 515
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		41 846	44 607	85 788	91 737	187 444
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		8 359	7 689	16 832	14 222	31 916
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		1 011	1 419	2 071	2 409	4 829
Utbyte og andre inntekter av eigenkapitalinstrumenter		14 676	17 085	16 283	18 327	22 932
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	9	5 129	1 772	9 613	7 459	15 515
Andre driftsinntekter		960	1 041	1 990	1 997	4 180
Netto andre driftsinntekter		28 113	26 168	42 648	39 596	69 714
Løn og andre personalkostnader		12 473	11 458	26 292	24 922	50 239
Andre driftskostnader		14 422	14 098	26 610	27 268	54 546
Avskrivningar på driftsmiddel		2 352	3 900	4 701	5 807	9 892
Sum driftskostnader før tap på utlån		29 247	29 457	57 603	57 998	114 677
Resultat før tap		40 712	41 319	70 833	73 335	142 481
Kredittap på utlån og garantier	7	-1 945	940	-1 974	-254	-154
Driftsresultat før skatt		42 658	40 379	72 806	73 589	142 635
Skattekostnad		8 800	8 500	16 700	16 500	29 568
Resultat av ordinær drift etter skatt		33 858	31 879	56 107	57 089	113 067
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring på finansielle eigendeler	9	-12 626	603	-10 949	5 534	41 087
Postar som ikkje vil bli reversert i resultatet		-12 626	603	-10 949	5 534	41 087
Totalresultat		21 232	32 482	45 158	62 623	154 153
Resultat per eigenkapitalbevis		6,34	6,38	10,50	11,42	22,62

Balanse

Eigendelar

<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Kontantar og fordringar på sentralbankar		92 526	88 697	90 687
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		646 856	920 613	601 037
Utlån til og fordringer på kunder til virkelig verdi	<u>5, 6, 7</u>	22 404	22 404	22 404
Utlån til og fordringar på kunder til amortisert kost	<u>5, 6, 7</u>	7 072 077	6 593 474	6 704 151
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	<u>9</u>	389 401	373 563	380 720
Verdipapir til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	<u>9</u>	366 737	335 341	379 444
Eigarinteresser i tilknytta selskap	<u>3, 9</u>	0	135	135
Eigarinteresser i dotterselskap	<u>3, 9</u>	14 705	13 350	13 350
Varige driftsmiddel		92 606	86 247	94 228
Andre eigendelar		9 796	7 471	4 870
Anleggsmidler og avhendingsgrupper holdt for salg		277	1 600	1 400
Sum eigendelar		8 707 384	8 442 894	8 292 426

Gjeld og egenkapital

<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Innlån frå kredittinstitusjoner		201 752	60 606	60 558
Innskot frå kundar	<u>10</u>	6 599 078	6 381 563	6 347 511
Gjeld ved utsteda verdipapir	<u>11</u>	500 662	701 275	500 620
Anna gjeld		54 961	50 927	36 593
Betalbar skatt		15 136	27 278	34 839
Utsett skatt		3 168	1 128	968
Andre avsetninger		466	853	545
Sum gjeld		7 375 224	7 223 631	6 981 633
Innskoten egenkapital	<u>12, 13,</u> <u>14</u>	63 764	63 764	63 764
Opptent egenkapital		1 212 289	1 098 410	1 133 962
Udisponert overskot etter skatt		56 107	57 089	113 067
Sum egenkapital		1 332 160	1 219 263	1 310 793
Sum gjeld og egenkapital		8 707 384	8 442 894	8 292 426

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling pr. 30.06.2026

Tal i tusen kroner	Innskoten eigenkapital				Opptent eigenkapital				Sum eigenkapital
	Eigenkapitalbevis	Eigne eigenkapital-bevis	Overkurs-fond	Sparebanken sitt fond	Utjamnings-fond	Gåvefond	Fond for urealiserte vinstar	Anna opptent eigenkapital	
Eigenkapital 31.12.2025	31 625	-673	32 812	962 941	68 724	109 389	105 974	0	1 310 793
Resultat etter skatt								56 107	56 107
Verdiendring på finansielle eigendeler over andre inntekter og kostnader							-10 949		-10 949
Totalresultat 30.06.2026	0	0	0	0	0	0	-10 949	56 107	45 158
Transaksjoner med eigarane									0
Utbetalt utbytte					-13 915	-9 876			-23 791
Utbetalt frå gåvefond									0
Andre eigenkapitaltransaksjonar									0
Eigenkapital 30.06.2026	31 625	-673	32 812	962 941	54 809	99 513	95 025	56 107	1 332 160
Eigenkapital 31.12.2024	31 625	-673	32 812	943 190	67 070	39 375	64 887		1 178 287
Resultat etter skatt				49 867	7 222				57 089
Estimatavvik pensjon									0
Endring i utsatt skatt estimatavvik									0
Verdiendring på finansielle eigendeler over andre inntekter og kostnader							5 534		5 534
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)									0
Skatt på verdiendring utlån									0
Totalresultat 30.06.2025	0	0	0	49 867	7 222	0	5 534	0	62 623
Transaksjoner med eigarane									0
Utbetalt utbytte					-12 650	-8 997			-21 647
Utbetalt frå gåvefond									0
Andre eigenkapitaltransaksjonar									0
Eigenkapital 30.06.2025	31 625	-673	32 812	993 056	61 643	30 378	70 421	0	1 219 263

Kontantstraumoppstilling

Tal i tusen kroner	30.06.2026	30.06.2025
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
Netto utbetaling av utlån til kundar	(365 996)	(51 897)
Renteinnbetalningar på utlån til kundar	185 551	195 892
Netto innbetaling/-utbetaling av innskot frå kundar	168 940	187 810
Renteutbetalningar på innskot frå kundar	(9 298)	(13 627)
Netto utbetaling av utlån til kredittinstitusjonar	-	(27 250)
Renter på fordringar og gjeld til kredittinstitusjonar	11 684	15 594
Netto sal/-kjøp av sertifikat og obligasjonar	-	-
Renteinnbetalningar på sertifikat og obligasjonar	222	247
Netto provisjonsinnbetalningar	14 761	11 813
Utbetaling ved kjøp av aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultatet	-	-
Innbetaling frå sal av aksjar, eigenkapitalbevis og fond til verkeleg verdi over resultatet	409	318
Utbetalningar til drift	(42 139)	(57 233)
Betalt skatt	(33 158)	(19 369)
A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	-69 024	242 299
Kontantstraumar frå investeringar		
Investering i varige driftsmidlar	(560)	(3 497)
Innbetaling frå sal av varige driftsmidlar	-	-
Investeringar i langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	(2 577)	(7 024)
Innbetaling frå sal av langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	3 116	1 536
Utbyte frå investeringar i langsiktige aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	16 283	18 327
B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	16 262	9 342
Kontantstraumar frå finansiering		
Utbetaling knytt til leigeforpliktingar	(1 892)	-
Opptak av gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	-	-
Tilbakebetaling av utsteda av verdipapir	-	-
Renteutbetalningar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	(12 434)	(18 915)
Opptak av lån til kredittinstitusjonar	140 000	-
Tilbakebetaling av lån til kredittinstitusjonar	-	(90 000)
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar	(1 464)	(3 635)
Utbetaling frå gavefond	(9 876)	(8 997)
Utbyte til eigenkapitalbevisegarane	(13 915)	(12 650)
C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet	100 419	-134 197
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	47 657	117 443
Likviditetsbeholdning 1.1	691 724	858 781
Likviditetsbeholdning 30.06	739 381	976 224
Likvidetsbeholdning spesifisert:		
Kontantar og fordringar på Noregs Bank	92 526	88 697
Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	646 856	887 527
Likviditetsbeholdning	739 382	976 224

Kontantstraumanalysen er utarbeidd etter den direkte metoden, og viser korleis morbank og konsern har fått tilført likvide midlar og korleis desse er brukt.

Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank, samt utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

Notar

Note 1 Generell informasjon

Rekneskapen gjeld for perioden 01.01. - 30.06.2026. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Sogn Sparebank innrekner ikkje dotterselskapa Sogn Sparebank Eigedom AS og Sogn Forsikring AS då desse ikkje har vesentleg omsetnad.

Rekneskapen for andre kvartal 2026 vart vedteke av styret 14.08.2026.

Note 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapen til Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastsett av EU.

Banken nyttar dei same rekneskapsprinsippa og utrekningane som vart nytta i årsrekneskapen til Sogn Sparebank, og alternativ resultatmål for 2025, med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

Kritiske estimat og vurderingar vedkomande bruk av rekneskapsprinsipp

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må bruke estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert fortløpande, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert vurdert som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt usikkerheit til føresetnadane og forventningane som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er brukte.

Nedskrivingar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetje verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane.

Vurderingar av nedskrivingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen omfattar individuelle og gruppevis vurderingar i samband med nedskrivingar i steg 3.

Nedskrivingar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivingar (IFRS 9 nedskrivingar) på utlån og garantiar. Nedskriving vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering og tapserfaring for dei respektive kundegruppene. Utover dette vert det

lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt.

Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsynlegheit for misleghald, tap ved misleghald, forventta levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsmeldinga for 2024 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, og omtale av vesentleg auke i kredittisiko og kriteria for overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata, fører til at det er nødvendig å nytte skjønn i gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivingar på utlån. Dei modellberekna nedskrivingane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for den usikre situasjonen i rentemarknaden, med svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med utsiktene som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivingar i steg 1 og steg 2 for kundar i bedriftsmarknaden, på grunnlag av kor utsette dei ulike bransjane er innanfor banken sine engasjement. Nedskrivingane for engasjement innanfor ulike bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike bransjane. Justeringsfaktoren for den enkelte bransje vert multiplisert med banken si eksponering i kvar bransje. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivingane per bransje. Nedskrivingar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert frå andre kvartal i fjor til i år. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 7.

Kredittengasjement innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har i hovudsak utlån med pant i bustadar som har låg gjennomsnittleg belåningsgrad. Velferdsordningane i Noreg, fører òg til at engasjementa innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Likevel er det risiko for auka tap òg i denne porteføljen, og det er berekna tilleggsnedskrivingar med ein justeringsfaktor multiplisert med uteståande eksponering. Nedskrivingar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 har berre små justeringar i andre kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 7.

Verkeleg verdi over finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er notert i ein aktiv marknad (nivå 2 og 3) er verdsett ved bruk av verdsettingsteknikkar. Slike verdsettingar vil vere hefta med usikkerheit.

Verdsettingsteknikkar som er nytta for å bestemme verkeleg verdi er vurdert periodisk opp mot utvikling i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogeleg nyttast reelle data. Aksjar som er klassifisert i nivå 3 omfattar i det vesentlegaste investeringar i unoterte aksjar, der det er større usikkerheit enn elles i verdsetjinga av eigenkapitalinstrument, jf. note 9.

Note 3 Konsern og tilknytt selskap

Sogn Sparebank Eigedom AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og er eit reint eigedomsføretak.

Sogn Sparebank har i april 2026 kjøpt resterande aksjar i Sogn Forsikring AS. Selskapet er no eit 100 % eigd dotterselskap. Den 3. juli 2026 vart det vedteke frivillig avvikling av selskapet, og avviklingsprosessen er sett i gang.

Sogn Sparebank innreknar ikkje dotterselskapa Sogn Sparebank Eigedom AS og Sogn Forsikring AS då desse ikkje har vesentleg omsetnad.

Konsern - Goodwill

Sogn Sparebank har ikkje bokført Goodwill pr. 30.06.2026.

Note 4 Transaksjonar med nærstående partar

Sogn Sparebank Eigedom AS

Banken har inngått leigekontrakt med Sogn Sparebank Eigedom AS om leige av lokale i Sogndal.

Note 5 Misleghaldne kredittforringa engasjement i andre kvartal

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar


	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Misleghald personkunder	32 316	38 679	41 743
Misleghald næringslivskunder	17 314	28 550	18 552
Individuelle nedskrivingar (steg 3)	-12 926	-13 413	-13 387
Netto misleghaldne engasjement	36 704	53 816	46 908

Andre kredittforringa engasjement

	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Kredittforringa engasjement personkunder	21 349	24 175	23 712
Kredittforringa engasjement næringslivskunder	38 757	57 141	64 712
Individuelle nedskrivingar (steg 3)	-9 741	-13 842	-14 543
Netto andre kredittforringa engasjement	50 365	67 474	73 881

Note 6 Utlån til og fordringar på kunder fordelt på sektor og næring

	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Primærnæringer	69 704	78 883	73 723
Industri og bergverk	28 466	16 281	14 722
Kraftforsyning	127 721	129 163	128 836
Bygg og anleggsvirksomhet	140 252	138 457	159 299
Varehandel	48 450	44 919	41 501
Transport	23 226	23 994	21 443
Overnattings- og serveringsvirksomhet	130 793	138 083	132 860
Informasjon og kommunikasjon	12 816	12 716	11 072
Omsetning og drift av fast eiendom	310 444	331 355	321 121
Tjenesteytende virksomhet	64 317	59 381	63 778
Sum næring	956 189	973 232	968 355
Personkunder	6 166 713	5 676 408	5 791 566
Brutto utlån	7 122 902	6 649 639	6 759 921
Steg 1 nedskrivingar	-1 893	-1 999	-2 235
Steg 2 nedskrivingar	-3 955	-4 728	-3 364
Steg 3 nedskrivingar	-22 574	-27 035	-27 768
Netto utlån til kunder	7 094 481	6 615 877	6 726 555
Utlånsportefølje hos Eika Boligkreditt AS (EBK)	914 200	933 147	965 473
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	8 008 681	7 549 024	7 692 028



Note 7 Nedskrivning, tap, finansiell risiko

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheit for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit for misleghald på balansedagen. Fordelinga mellom stega vert gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseført utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

- Overføring mellom stega som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over levetida til instrumentet i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved fråtrekk av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.
- Netto endring viser endring i tap eller engasjement som følge av innbetalinger/økning av saldo der lån ikke har skiftet trinn.
- Konstaterte tap
- Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar er balanseført som gjeldsforplikting i rekneskapen.

Tabellar pr. 2. kvartal 2026

Personmarknaden

30.06.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Utlån til kunder - personmarknaden - nedskrivningar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2026	605	2 272	10 880	13 757
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	671	-671	0	0
Overføringer til steg 2	-68	334	-266	0
Overføringer til steg 3	0	-99	99	0
Netto endring *)	-816	-32	-2 656	-3 504
Endringer som følge av nye eller økte utlån	214	80	0	294
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-68	-650	-3 197	-3 915
Konstaterte tap	0	0	2 766	2 766
Nedskrivningar personmarknaden pr. 30.06.2026	538	1 233	7 627	9 398

30.06.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2026	5 335 286	390 825	65 455	5 791 566
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	169 248	-169 248	0	0
Overføringer til steg 2	-113 133	120 747	-7 614	0
Overføringer til steg 3	-1	-8 592	8 593	0
Netto endring *)	-113 368	-3 502	4 389	-112 481
Nye finansielle eigendelar utsteda	1 164 339	22 318	1	1 186 658
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-631 332	-50 527	-17 171	-699 030
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 30.06.2026	5 811 039	302 021	53 653	6 166 713

Tabellar pr. 2. kvartal 2026

Bedriftsmarknaden

30.06.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2026	1 630	1 092	16 888	19 610
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	4 209	-326	-3 883	0
Overføringer til steg 2	-303	303	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-4 295	1 684	1 938	-672
Endringer som følge av nye eller økte utlån	137	2	0	139
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-23	-33	0	-57
Konstaterte tap	0	0	4	4
Nedskrivningar bedriftsmarknaden pr. 30.06.2026	1 355	2 722	14 947	19 024

30.06.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2026	799 183	85 908	83 264	968 355
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	52 453	-34 221	-18 232	0
Overføringer til steg 2	-81 842	81 842	0	0
Overføringer til steg 3	-1	0	1	0
Netto endring *)	-27 680	-3 050	-7 299	-38 029
Nye finansielle eigendelar utsteda	59 442	904	0	60 346
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-31 751	-430	-2 302	-34 483
Konstaterte tap	0	0	0	0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.06.2026	769 804	130 953	55 432	956 189

30.06.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unytta kreditter og garantiar - nedskrivningar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2026	288	95	162	545
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	96	-29	-67	0
Overføringer til steg 2	-7	7	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på utlån utbetalt i år	-125	54	-81	-152
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	8	1	0	9
Andre eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-2	-14	0	-16
Andre justeringer	0	0	79	79
Nedskrivningar pr. 30.06.2026	259	114	93	466

30.06.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unytta kreditter og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto engasjement pr. 01.01.2026	331 403	15 592	1 707	348 701
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	7 626	-6 809	-817	0
Overføringer til steg 2	-1 404	1 404	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Netto endring *)	-6 827	-86	-238	-7 151
Nye finansielle eigendelar utstede	28 375	88	0	28 463
Finansielle eigendelar som er frårekna i perioden	-16 115	-598	0	-16 712
Brutto engasjement pr. 30.06.2026	343 058	9 592	652	353 301

*) Netto endring viser endring i tap som følge av innbetalinger/auke av saldo der lån ikkje har skifta trinn.

Resultatførte tap

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	30.06.2026	30.06.2025
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-5 194	-5 794
Endring i perioden i steg 3 på garantiar og unyttta kredittar	-69	61
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	239	-6 271
Konstaterte tap i perioden, der det tidligere er gjort nedskrivningar i steg 3	-2 770	7 352
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er gjort nedskrivningar i steg 3	0	0
Perioden sin inngang på tidligare periodar sine nedskrivningar	5 821	4 398
Tapskostnader i perioden	-1 974	-254

Note 8 Segment

Banken utarbeider ikkje rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Etter banken si vurdering, føreligg det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og teneste som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsinformasjon.

Note 9 Verdipapir

30.06.2026				Sum
Verdsetjingshierarki for verdipapirer, til verkeleg verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet		10 102		10 102
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet	10 777	362 356	6 166	379 299
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			381 442	381 442
Sum	10 777	372 458	387 608	770 843

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	Verkeleg verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	392 929	6 944
Realisert vinst/tap	(35)	235
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	-	(604)
Urealisert vinst/tap ført over andre inntekter og kostnader	(10 914)	-
Investering	2 577	-
Sal	(3 116)	(409)
Utgående balanse	381 441	6 166

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi og opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsetjingsnivå angir nivået på verdsetjingsmetoden som er brukt for å fastsetje verkeleg verdi.

Nivå 1 – er verdien fastsett ut frå kvoterte prisar i aktive marknader.

Nivå 2 – er verdien utleia frå kvoterte prisar, eller berekna marknadsverdiar.


Nivå 3 – er verdier som ikkje er basert på observerbare marknadsdata.

Verdsetjinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av egenkapitalen i selskapet. Verdsetjinga av Eika Gruppen AS tek utgangspunkt i ei verdivurdering av dei enkelte selskapa som inngår i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsetjingsmetodar. Verdsetjinga av Norway's Best Group AS er basert på ei intern verdivurdering per 31.12.2025, basert på relevante verdsetjingsmetodar og justert for ein likviditetsrabatt på 35%. Denne verdivurderinga blir vurdert opp imot sist kjende emisjons- og/eller omsetningskurs, teke omsyn til banken sine egne vurderingar av hendingar fram til balansedagen.

Til saman utgjer desse aksjane 313,7 mill. kroner av totalt 381,4 mill. kroner i nivå 3.

Note 10 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring

	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Jordbruk, skogbruk, fiske	126 645	137 979	120 806
Industri	189 590	109 498	125 514
Bygg og anlegg	103 436	105 219	118 478
Handel, hotell, transport	354 054	306 613	523 576
Finansiering, egedomsdrift	254 608	438 700	259 965
Offentleg forvaltning og andre	828 811	803 482	718 768
Sum næring	1 857 144	1 901 492	1 867 107
Personkundar	4 741 934	4 480 071	4 480 404
Sum innskot frå kundar	6 599 078	6 381 563	6 347 511



Note 11 Gjeld ved utferda verdipapir

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025	vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0013010421	11.09.2023	11.09.2025	200 000	0	200 572	0	3 mnd. NIBOR + 0,84%
NO0013010439	11.09.2023	11.09.2026	200 000	200 597	200 624	200 595	3 mnd. NIBOR + 1,03%
NO0013354050	27.09.2024	27.09.2027	200 000	199 999	200 029	200 010	3 mnd. NIBOR + 0,62%
NO0013354068	25.09.2024	25.09.2026	100 000	100 066	100 050	100 015	3 mnd. NIBOR + 0,44%
Sum gjeld ved utsteda verdipapirer				500 662	701 275	500 620	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2025	Emittert	Forfalt/ innløyst	Øvrige endringer	Balanse 30.06.2026
Obligasjonsgjeld	500 620	0	0	42	500 662
Sum gjeld stiftet ved utsteda verdipapirer	500 620	0	0	42	500 662
Ansvarlige lån	0				0
Fondsobligasjoner	0	0	0	0	0
Sum ansvarlig lån og fondsobligasjoner	0	0	0	0	0

Note 12 Kapitaldekning

Det er innført ein regel om risikovekt på 250 % for langsiktige investeringar i aksjar og fondsobligasjonar, og risikovekt på 400 % for investeringar i aksjar med sikte på vidaresal, samt investeringar i venture capital-selskap o.l. Det er likevel gitt overgangsreglar som inneber ei gradvis opptrapping av risikovekta fram mot 31.12.2030. I perioden 31.03.–31.12.2026 er risikovekta for eigenkapitalposisjonar 130 % for langsiktige aksjeinvesteringar og 160 % for kortsiktige investeringar og investeringar i venture capital-selskap og liknande.

Morbank	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Eigenkapitalbevis	31 625	31 625	31 625
Eigene eigenkapitalbevis	-673	-673	-673
Overkursfond	32 812	32 812	32 812
Sparebanken sitt fond	962 943	943 190	943 190
Gåvefond	99 512	30 378	30 378
Utjamningsfond	54 808	54 420	54 420
Fond for urealiserte vinster	95 025	64 888	64 888
Resultat etter skatt	0	0	154 153
Sum egenkapital	1 276 052	1 156 640	1 310 793
Utbytte og gaver	0	0	-23 915
Frådrag for forsvarleg verdsetjing	-793	-745	-774
Andre frådrag i rein kjernekapital	-12 499	-22 382	-22 079
Rein kjernekapital	1 262 760	1 133 513	1 264 025
Fondsobligasjonar	0	0	0
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	1 262 760	1 133 513	1 264 025
Ansvarlig lånekapital	0	0	0
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	0	0	0
Sum ansvarleg kapital	1 262 760	1 133 513	1 264 025
	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Eksponeeringskategori (vekta verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional styresmakt	0	0	0
Institusjonar	226	8 504	3 655
Føretak	172 571	159 286	153 753
Pantesikra eigedom	2 806 173	2 501 292	2 589 101
- Herav pantesikra i bustadeigedom (CRR3)	2 459 175	2 165 451	2 230 870
- Herav pantesikra i næringsseigedom (CRR3)	346 998	335 841	358 231
Forfalne engasjement	88 709	131 028	130 725
Høgrisiko	0	0	0
Kjøp, utvikling og oppføring av fast eigedom	0	0	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	10 884	10 668	11 101
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	127 541	177 505	116 825
Andelar verdipapirfond	68 518	70 567	68 267
Eigenkapitalposisjonar	424 024	370 969	414 572
Andre engasjement	154 437	149 808	154 890
Subordinert gjeld	67 535	65 322	66 837
	0	0	0
	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	3 920 618	3 644 949	3 709 726
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	346 303	317 759	346 303
Sum berekningsgrunnlag	4 266 921	3 962 708	4 056 029

Konsolidering av samarbeidande grupper

Føretak som deltar i samarbeidande gruppe skal foreta forholdsmessig konsolidering av eigarandelar i finansforetak som samarbeidet omfattar, jf. Finansforetaksloven § 17-13 (2) og utfyllande fastsetjingar i CRR/CRD-forskriftens § 16 (3) og §32 (4).

Sogn Sparebank deltar i samarbeidande gruppe med Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Eigarandelen i Eika Gruppen (2,17 %) og Eika Boligkreditt (0,85 %) blir konsolidert med bankens kapitaldekning.

Banken har fram til 4. kvartal 2024 praktisert å ta eigarandeler i selskap som forholdsmessig konsoliderast inn til frådrag i rein kjernekapital i morbanken. Dette prinsippet har banken endra, i likskap med resten av bankane i alliansen, ved rapportering for 4. kvartal 2024 i samsvar med unntaksregelen i berekningsforskriften § 18 bokstav c, som svarar til artikkel 49.2 i CRR. Dette medfører at banken hamnar under terskelverdi på 10 % for frådrag, og gir ein auke i kapitaldekning på morbanknivå. Prinsippendringa medfører ingen endring for dei forholdsmessig konsoliderte tall. Historikken er ikkje omarbeida.

	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Rein kjernekapital	1 248 013	1 125 184	1 247 115
Kjernekapital	1 254 506	1 132 043	1 253 874
Ansvarleg kapital	1 263 260	1 141 286	1 263 574
Berekningsgrunnlag	4 577 734	4 257 190	4 358 955
Rein kjernekapitaldekning i %	27,26 %	26,43 %	28,61 %
Kjernekapitaldekning	27,40 %	26,59 %	28,77 %
Kapitaldekning i %	27,60 %	26,81 %	28,99 %
Uvekta kjernekapitaldekning %	12,41 %	11,86 %	13,04 %

Note 13 Eigarandelsbrøk

Banken sine eigenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjør per 30.06.2026 kroner 31.625.000 delt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande kroner 50,- tickerkode SOGN.

Eigarandelsbrøk for Q2-2026, sjå tabell, er utrekna med utgangspunkt i eigarandelsbrøk for 2025, justert for utbetalingar gjennom 2025.

Beløp i tusen kroner	31.12.2025	31.12.2024
Eigenkapitalbevis	31 625	31 625
Overkursfond	32 812	32 812
Utjamningsfond	68 724	67 070
Del av bytteforhold	10 804	10 804
Sum eigarandelskapital (A)	143 965	142 311
Sparebanken sitt fond	962 941	943 189
Gåvefond	109 389	39 375
Grunnfondskapital (B)	1 072 330	982 565
Fond for urealiserte vinstar	105 974	64 887
Anna eigenkapital (eigne EK bevis)	-673	-673
Estimert bytteforhold	-10 804	-10 804
Sum eigenkapital	1 310 792	1 178 286
Eigarandelsbrøk A/(A+B)	11,84 %	12,65 %

Note 14 Eigenkapitalbevis - 20 største eigarar

Dei 20 største eigarane pr. 30.06.2026 utgjer 48,16 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

30.06.2026		
Navn	Beholdning	Eierandel
BJØRKEHAGEN AS	60 400	9,55 %
WERGELAND HOLDING AS	32 830	5,19 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	31 740	5,02 %
ØYER VEKST AS	16 500	2,61 %
DAHLSTRØM, FINN SVERRE	15 800	2,50 %
ØIE, ODD REIDAR	13 824	2,19 %
SOGN SPAREBANK	13 450	2,13 %
VALDERSNES, THOMAS	13 100	2,07 %
EIKA GRUPPEN AS	11 200	1,77 %
HANØY, PER	11 000	1,74 %
HÅPE AS	10 000	1,58 %
ÅRDAL KOMMUNE	10 000	1,58 %
AMBLE INVESTMENT AS	9 000	1,42 %
SÆTHER, ESPEN	8 965	1,42 %
GRAFINOR AS	8 900	1,41 %
NORDNET LIVSFORSIKRING AS	8 567	1,35 %
NAGELL, MARTIN JAKOB	8 000	1,26 %
LUSTER SPAREBANK	7 600	1,20 %
HETLEVIK AS	7 184	1,14 %
Avanza Bank AB	6 564	1,04 %
Sum 20 største	304 624	48,16 %
Øvrige eigenkapitalbevisiere	327 876	51,84 %
Totalt antall eigenkapitalbevis (pålydende kr 50)	632 500	100,00 %
Antall bevis:	632 500	
Antall eiere:	1 022	

Note 15 Hending etter balansedag

Det har ikkje førekomme hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.



Bilete frå Smaojordeplerock. Gunn Kvaale på scena og mange fans til stades.